

ROMSDAL SPELEMANNSLAG

50 ÅR

1936 - 1986

R Ø M S D A L S P E L E M A N N S L A G

50 ÅR

1936

1986

JUBILEUMSMELDING

av

Magnus Hagen

S K I P I N G S M Ø T E T

Den 7. januar 1936 kom nokre spelemenn frå Romsdal saman på hotell Bondeheimen i Molde for å skipe eit Romsdal Spelemannslag. Møtet var kalla saman av spelemannen K.P.Rekdal frå Fiksdal - etter oppmoding frå Romsdal Ungdomssamlag.

P.K.Rekdal ga ei utgreiing om førearbeidet, og peika på kor viktig det no var at det vart teke vare på den gamle folke-musikken i Romsdal, og at dette best kunne gjerast av eit Romsdal Spelemannslag i samarbeid med Romsdal Ungdomssamlag.

Han la fram eit utkast til lover, som vart vedtekne med nokre få endringar. - Desse lovene sto ved lag i heile 25 år, og vart først endra på årsmøtet 30.april 1961.

LOV FOR ROMSDAL SPELEMANNSLAG (vedteke på skipingsmøtet 1936)

- § 1. Laget fær namnet Romsdal Spelemannslag.
- § 2. Laget for spelemenn i Romsdal vil i samband med Romsdal Ungdomssamlag fremja den nasjonale musikken og betre dei økonomiske kåra for spelemennene.
- § 3. Alle harding, flatfelespelemenn og klarinettblåsere o.d.l. som vil fremja lagsføremålet, og legg årspengane kr.1,- for året, kan verta medlem.
- § 4. Årsmøtet vert vanleg halde isamband med årsmøtet i Romsdal Ungdomssamlag.
- § 5. Årsmøtet vel eit styre på 4 mann med 2 varamenn (for-mann ved serskiltd valg) og alle faste arbeidsnemnder og 2 revisorer. Dessutan vel årsmøtet i Romsdal Ungdomssamlag eit medlem med varamann som fast medlem av styret.
- § 6. Røysterett på årsmøtet har alle lagsmenn som har lagt årspengane. Vanlege sake>vert avgjort med røystefleirtal. Står røystene likt, gjer formannen utslaget.
- § 7. Styret har rett og skylnad til å gjera alt som dei finn tenleg til framgang for laget og lagsføremålet. Det er avgjerdsført når minst 3 styremedlemmer er tilstades. Det vel seg imillom nestformann og kasserar. Styret si tenestetid er 2 år. - Første året går 2 ut etter loddtrekking, og seinare dei som har tenestegjort lengst. Varamenn vert valgt kvart år. Styret godtek eller vrakar innmeldingar til laget. Det kan stryke lagsmenn som skjemmer laget med usømd.
Det legg fram for årsmøtet melding om det framfarne året, ettersett rekneskap, framlegg til budget og arbeidsprogram for det kommande året.

Det fører bok over styremøte og styrevedtak, årsmøte og årsmøtevedtak .

Det daglege arbeid kan styret leggje på formannen eller nestformannen etter eige tykkje.

- § 8. Skulle laget verta nedlagd eller skifte føremål slik at det ikkje lenger kan samarbeide med Romsdal Ungdomssamlag, går medelen til Romsdal Ungdomssamlag som førebels tek vare på medelen. Skulle det så innan 5 år verta skipa eit nytt spelemannslag som vil ta opp arbeidet på grunnlag som Romsdal Ungdomssamlag godkjenner, går medelen til det nye laget.
- § 9. Framlegg om brigde i denne lov skal vere kunngjort 14 dagar føre årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta framlegget med 2/3 fleirtal av dei som møter .

Etter at desse lovane var vedtekne, vart det halde val .

LAGET SITT FØRSTE STYRE

Til formann vart P.K.Rekdal samrøystes valt, og som styresmenn fekk han med seg Peter L. Rypdal, Hans Gjelsten og Thomas Strømme. Romsdal Ungdomssamlag (heretter R.U.) valde seinare Andreas O. Heggdal som sin representant. Desse vart såleis det første styret i Romsdal Spelemannslag (heretter R.S.L.).

Utanom dei som her er nemnde var og desse tilstades på skipingsmøtet: Olav Brokstad, Morten Brokstad og kaptein Nils Øveraas, som den gong var skrifvar i R.U. Han fall i krigen mot dei tyske troppane ved Gratangen i april 1940.

MEDLEMMER I TILSKIPINGSÅRET

Det kom seinare til fleire interesserte lagsfolk, og her fylgjer namna til dei som var medlemmer i tilskipingsåret :

P.K.Rekdal,	Fiksdal	Peder Tomren,	Vestnes
Peter L. Rypdal,	Tresfjord	Hans Gjerde,	Aukra
Thomas Strømme,	Vågstranda	Arne Lillevik,	Nesjestranda
Hans Gjelsten,	Fiksdal	Jonas Nygård,	Raknes
Andreas Heggdal,	Midsund	Toralv Ørvik,	Raknes
Morten Brokstad,	Hovdenakken	Oddmund Sætre,	Daugstad
Olav Brokstad,	Hovdenakken	Anders Nerheim,	Tresfjord
Erling Straume,	Vågstranda	Nils L. Rakvåg,	Raknes
Gunnar Øvstedal,	Tresfjord		

LITEN AKTIVITET I LAGET

Dei første åra etter skipinga ser det ikkje ut for å ha vore særleg mange samkome i laget. Såleis vart det berre halde eit styremøte i tilskipingsåret og det vart ikkje innkalla før i desember månad .

Med få unntak vart det berre halde årsmøte, og dette helst i samband med årsmøte i R.U. Dette går fram av møteboka beilt fram til 1941.

Men at styret er i arbeid, det kan årsmeldingane fortelje om. I 1937 er det t.d. saman med R.U., Romsdal Mållag, Romsdal Sogelag og Romsdalsmuseet med på ei oppmoding til NRK om eit kringkastingsprogram frå Molde, der laget sa seg villig til å vere med på å fylle ut programmet med gammal romsdalsmusikk. Skulestyrar Hans Gjerde frå Aukra vart valt til å representere laget i ei nemnd som skulle arbeide med saka.

Samme året kjem det skriv frå R.U. med oppmoding om å skipe til kappleik under ungdomsstemna på Holmemstranda til sommaren.

Det vart vedteke at kappleiken skulle omfatte både felespelarar og klarinettblåsarar. Dette var såleis den første kappleiken som R.S.L. sto føre, og 4 av laget sine medlemmer deltok. Det gjeng ikkje fram av møteboka kven desse 4 var, og ei rundspørjing til dei attlevande medlemmer frå den tida har heller ikkje gjeve nokon sikre opplysningar om desse. Men truleg var det P.K. Rekdal, Hans Gjelsten, Anders Nerheim og Peter L. Rypdal.

Ein tek 6g med at kappleiken ga eit netto overskot på kr. 40,25.

Elles har laget sine medlemmer skifta på ymse speleoppdrag, og speling på sendemannsfestane i R.U. har vore faste oppdrag.

Vidare kan nemnast at Peter L. Rypdal har reist rundt i ungdomslaga og halde konsertar.

ÅRSMØTESAKER DEI FØRSTE ÅRA

Det var lite utskiftning i styret dei første åra. Det sitjande styret vart stadig attvalt, berre unnataksvis vert det valt nye folk, da helst som ettersynsmenn eller varamenn.

I møtereferat frå årsmøtet 14. april 1939 går det implisitt fram at ein eller annan må ha korne med framlegg om at laget sku nedleggjast, og at dette skulle takast med i innkallinga til neste årsmøte. Årsmøtet påla formannen å halde dette forslaget attende.

ROMSDAL SPELEMANNSLAG I OKKUPASJONSÅRA

I 1940 var det sjølsagt ikkje noko årsmøte. Men på årsmøtet 18. april 1941 vart framlegget om nedleggjog tekt at Pende.

Laget gjekk likevel i dvale, for som det står i møteboka frå 26. april 1941: - p.g.a at "naziststyret ville tvinge oss inn i nyordninga scm laget ikkje ville vere med på."

DEI FØRSTE ETTERKRIGSÅRA

På årsmøtet i 1946 sa P.K.Rekdal bestemt frå seg attval som formann p.g.a. høg alder og sviktande helse. Til ny formann vart Hans Gjerde valt, og P.K.Rekdal tok over som kasserar.

I årsmeldinga kjem det fram at det har vore arbeidd ein del med å få gjeve ut nokre romsdalsslåttar på noter. P.K. Rekdal som hadde samla slåttane fekk i oppdrag å arbeide vidare med dette. Det dreide seg om 10 slåttar arrangert for to feler, og som det var meininga skulle komme ut i 2 hefter med 5 slåttar i kvart hefte.

Den 25. april 1947 vart det halde årsmøte i Molde, og formannen, Hans Gjerde greidde ut om kva som har vore gjort med omsyn til prenting av notane. Det vart opplyst at Musikkhuset A/S ville ha betalinga for prenting og utgjeving på forskot, og det vart sendt kr. 500,- som delvis vart framskaffa med å låne kr. 300,- av R.U.

Dette er alt ein til d.d. veit om dette prosjektet.- Notane vart ialle høve korkje trykt eller utgjevne. Heldigvis veit vi at fleire av medlemmene har kopiar av desse notane, så dei er framleis tilgjengelege.

Ved vala vart Hans Gjerde attvald som formann. P.K.Rekdal ba seg no friten som styresmann, og Toralf Orvik vart valt til nytt styremedlem.

LAGET NEDLAGT OG TEKE OPPATT

No kjem det ein bolk på heile 8 år utan at det er nokon som helst aktivitet i laget.

Så i 1955 var det ein del interesserte spelemenn som tok kontakt med R.U. med tanke på å skipe til kappleik under ungdomsstemna på Vikebukt 1-4.juli.

Kappleiken vart halde på Gjermundnes landbruksskule, og omfatta både hardingfele og vanleg fele.

Etter premieutdelinga den 3. juli kom spelemennene saman for å atterreise Romsdal Spelemannslag.

Det vart halde val og Anders Gjendem vart valt til formann. Til styre fekk han med seg Henry Vike, Peder K. Staurset og Toralf Orvik. På styremøtet same dag vart Henry Vike valt til nestformann, og Toralf Orvik til skrivar og kasserar..

NY OG STORAKTIVITET I LAGET

Frå no av kan ein med rette seie at laget gjeng inn i ein sers aktiv arbeidsbolk. Det vert halde samspeløvingar mest kvar veke, og speleoppdraga er nesten fleire enn laget kan taka på seg. Repertoaret har auka monaleg i og med at spelemennene finn fram gamle og bortgøyde slåttar både på notar og frå minnet.

I tillegg vert det komponert fleire slåttar i god gammal stil. Ikkjeminst har Toralv Orvikbidratt med fleire slike nyskapingar.

Det bør og nemnast at Anders Gjendem og Henry Vike har vore i kontakt med både museet i Bergen og Universitetsbiblioteket for om mogleg å få tak i romsdalsslåttar som det finst ein del av ved <lesse institusjonane. Det slåttetilfanget som har tilflytt laget i denne tida har vore svært så kjærkome, då det som før nemnt har vore stor pågang om speling.

Ein nemner i fleng: Speling på Vestnes helseheim, Reknes sanatorium, i Bondeungdomslaget i Molde, 60-årsfesten i Gossen u.l. og 4-5 kveldar som kafemusikarar på Kaffistova i Molde. Dessutan har laget teke oppatt tradisjonen med å spele på sendemannsfesten i samband med årsmøtet i R.U. Vidare assisterte R.S.L. på konsertar i Tomrefjord, på Vestnes og i Tresfjord. Konsertane var tilskipa av fellesorkesteret for Vestnes og Tresfjord.

Under Bjørnsonjubileet i Molde var også laget med å spela både til underhaldning og til dans. Vidare tok laget på seg å skipa til kappleik under ungdomsstemna på Midøya i olsokhelga 29. og 30. juli 1956. På kappleiken deltok 13 spelemenn der yngstemann var berre 12 år og den eldste heile 81 år. Peter L. Rypdal frå Tresfjord fekk høgste poengtal av spelemennene på vanleg fele og Ragnvald Lunde frå Molde vann klassa for hardingfele. Elles vart det førstepremie til Anders Gjendem og Henry Vike. Domarar på kappleiken var: Trygve Straume og Lars Riksheim frå Sykkylven og Johan Talberg frå Stordal. Journalist Petter Fiskergaard frå Molde sto føre leiinga, og kappleiken vart godt og greit avvikla.

Etter kappleiken vart det halde årsmøte. Anders Gjendem sa frå seg attval, og Olaf Overå vart valt til ny formann. Styremedlem Peder K. Staurset gjekk ut av styret etter loddtrekking, men vart deretter attvalt.

Aktiviteten i laget berre aukar i tida som no kjem, og møteboka syner at det vert meir og meir nødvendig å halde styremøte, og mange viktige saker vert handsama og finn si løysing.

FØRSTE KAPPLEIKEN MED DELTAKING FRÅ HELIE FYLKET

På styremøte 13. juni 1957 vart det peika ut ei nemnd som skulle røkje etter om det var von om å sette i gang med enda ein kappleik. Nytt styremøte 2. juli vedtok at kappleik skulle haldast. Datoen vart sett til den 1. september, og kappleikstad vart Utstillingshallen i Molde. Ein gjekk inn for å utvide kappleiken til å omfatte heile Møre og Romsdal fylke, og at dansetevling også skulle vere med på kappleiken. Innbeding vart i første omgang sendt til dei frilynde ungdomslaga i fylket, og det vart avertert i avisene. Det meldte seg 21 spelemenn og 2 dansepar som deltakarar, og til domarar hadde laget sikra seg Tor Wigenstad frå Dovre, Erling Kjøk frå Garmo og K.Ø. Rudi frå Heggernes i Valdres. Desse tre var og domarar på landskappleiken i Fagernes same året. Døminga skulle såleis vere i dei beste hender.

Anangementsmessig vart kappleiken ein "gedigen" suksess, men økonomisk ein retteleg fiasko. 1300,- kr. i reint underskot i 1957 var nærast å rekne som ein katastrofe. Vi fekk låne 500,- kr, av R.U. og berga oss på den måten ut av krisa.

PÅ TURNE MED ODD MERRINGDAL

For å betale skulda som laget hadde påført seg, og for å rette opp økonomien i laget, vart det inngått ein avtale med Odd Merringdal om ein turne rundt om i Romsdal, der han skulle syne fram lysbilete og kåsere om ei amerikareise han hadde vore på. Laget skulle spele til underhaldning og til dans. 10 romsdalsbygder vart vitja, og med denne turneen kvitta spelemannslaget seg med all skuld. Laget fekk endatil pengar i kassa.

R.S.L.- FOR FØRSTE GONG I NRK

Det er nemnt at laget tidlegare hadde vendt seg til NRK om å spele i radio utan at dette har vorte noko av. I november vart det likevel gjort eit prøveopptak med R.S.L. Dette vart gjort på ungdomshuset på Vestnes. Laget fekk sleppe til på riksnettet deo 8. desember 1957 med ein gammal vals og ein reinlender (begge etter Knut i Tangå frå Otrøya).

Dette er første gongen at R.S.L. spela i radio. Alle tidlegare framstøyt i så måte har som sagt vore utan resultat.

Så langt har det vore ei nokolunde detaljert framstilling av det som har gjeenge føre seg i laget. Det seier seg sjølv at det vil føre for langt i fortsettinga, så heretter vil ein prøve å konsentrere seg om dei viktigaste hendingane i laget sitt arbeid.

FELEKURS

Vinteren 1958 sa Ottar Gjendem seg villig til å instruere medlemmene i samspel og feleteknikk. I heile 6 kveldar vart det gjeve verdifull undervisning. Medlemmene tykte at resultatet av kurset var så bra at det vart vedteke at vi ville freista å delta på landskappleiken neste år. Det vart òg vedteke å melde laget inn i Landslaget for Spelemenn (Lfs) frå 1. januar 1959.

Johs. Sandvik hadde no teke over som formann etter Olaf Overå som hadde hatt formannsvervet i 2 år.

LAGET SI FØRSTE-DELTAKING PÅ LANDSKAPPLEIK

Det vart gjort alvor av å reisa på laodskappleien i 1959, og den vart halden på Otta i dagane 3. - 5. juli. Laget var med og spela både til tevling og til dans, og det er ikkje for mykje sagt at vi gjorde oss fordelaktig "bemerket". Dette var første landskappleiken R.S.L. var med på, så det var leit at det etterpå vart vedteke at lagspelinga ikkje skulle premierast. I staden skulle dei laga som var med å tevla få ettersendt ein diplom. Nokon slik diplom er til denne dag enno ikkje motteke. Deltakinga på denne landskappleiken vart likevel ein fin inspirasjon til vidare framgang for laget.

VI SPELAR PÅ FESTAR, FOR TURISTAR o.l.

No kjem det ei tid da laget vert mykje etterspurd om speling, og på eit år spela vi på meir enn 20 festar og andre tilstellingar. Attåt det hadde vi øving mest kvar veke.

Den 18. februar 1960 var laget gjestar ombord på det tyske turistskipet "Seven Seas" som lå ved kai på Andalsnes med tyske skituraristar. Vi hadde eit program på ein halv time som vi framførte to gonger, og som gjorde stor lukke. Vi overnatta ombord, og det var ikkje måte på kor stor stas det vart gjort på oss. Då skipet kom attende med nye turistar den 14.mars same året var R.S.L.på ny ombord, og då med eit stort og vekslande program med lagspel, solo og gruppespel, framsyning av romsdalspringar og nordfjordspringar. Dei som dansa var Kristine og Johs. Sandvik og Anna og Ragnvald Lunde.

Programsekretær Erling Tokle frå NRK kortbølgesendinga var tilstades for å lage eit opptak for utanlandssendinga. Programmet, som vart sendt den 27.mars 1960, inneheldt fleire slåtar spela av R.S.L.

Laget fekk etter dette innpass i NRK og det vart etterkvart lettare å få sleppe til i radioen. Dei mange sendingane laget er med på i dei komande åra er med på å støtte opp om denne påstanden.

På årsmøtet 2.april 1960 ønska ikkje formannen Johs. Sandvik å ta imot attval og Magnus Hagen tek over.



Romsdal Spelemannslag anno 1960: Dei som sit er frå venstre: Peter L.Rypdal, Bergtor Gjerde, Johs. Sandvik, Anders Nerheim og Gunnar Gjerstad. Dei som står er frå venstre: Olaf Overå, Toralv Orvik, Leidulv Stokkeland, Magnus Hagen, Ragnvald Lunde og Olav P. Hjelvik.

Laget deltok ikkje på nokon kappleik i 1960, men det kan nemnast at Henry Vike toppa B-klassa på landskappleiken på Voss dette året. Ei plassering som fleire av våre medlemmer oppnådde på fleire landskappleikar seinare. Vi kjem attende til dette lenger ut i 50-årsmeldinga.

1961. JUBILEUMSÅR OG JUBILEUMSKAPPLEIK

1961 var jubileumsår for S.L. og jubileet skulle feirast på ein høveleg måte. Det vart mellom anna halde eit jubileumslotteri som ga kr. 428,- i overskot.

Jubileumsfest og kappleik vart førebudd, og jubileet vart høgtida på sjølve tilskipardatoen den 7. januar. Festen vart halde i "Harmonien" sine lokaler (Chateauet) i Parkvegen 35 i Molde. Under middagen ga Johs. Sandvike ei historisk framstilling over dei 25 åra som var framfarne. Peter L. Rypdal og Thomas Strømme fortalte frå tilskipinga og tilhøva den gongen.

Jubileumskappleiken skulle haldast i Molde den 16. og 17. september, og på eit samrådsmøte den 2. juli vart det vedteke å innby Vågåmo Spelemannslag til denne kappleiken.

Den tradisjonelle kappleiken mellom Gudbrandsdalen og Østerdalen skulle i 1961 arrangerast av Vågåmo Spelemannslag, men det var størst stemning for at Vågåmo skulle ta den tilskipinga først neste år. Vågåmo Spelemannslag spurte då om ikkje vi kunne legge denne tevlinga inn ivår kappleik, noko som vi sjølvsagt gjekk med på.

Det vart såleis sendt ut innbeding til amtlege spelemannslag i Gudbrandsdalen og Østerdalen, og til alle spelemennene ein kjente til i Møre og Romsdal, samstundes som det vart avertert i fleire aviser at kappleiken skulle haldast. Det kom påmelding frå ca. 50 spelemenn og to spelemannslag.

Laurdag den 16. september kl. 12.00 spanderte R.S.L. middag på alle deltakarane på hotell Nobel. Der vart det også delt ut programhefter og gjeve ymse opplysningar om det som var planlagt for avviklinga av kappleiken.

Kl. 15.00 tok sjølve kappleiken til i Utstillingshallen der eit lite, men godt publikum fekk høyre mykje og godt felespel. Domarar var: Ole Wenge, Johan Talberg og Leif Løken.

Om kvelden vart det arrangert offentleg gamaldans der Vågåmo og Romsdal Spelemannslag sytte for musikken. Her vart Utstillingshallen nesten full, mykje folk og stor stemning.

Etter dansen vart det stelt til ei improvisert samkome for deltakarane i Gildehallen. Lunde sitt bakeri vart reinska for kaker, og damene i laget koka og serverte kaffe. Det vart dansa, spela og bytt slåttar til dagen rann i aust.

Søndagens program starta med gudsteneste i Molde kyrkje der 4 av laget sine medlemmer (Ørvik, Rypdal, Vike og Gjerde) spela to religiøse folketonar frå Romsdal.

Kappleiken fortsatte så i Utstillingshallen med tevling i lagspel og dans. Det vart vidare vist eit stort og omfattande kulturprogram, som veksla mellom framsyning av ulike springarar, spel av einskilde

1.premievinnarar 09 samspel mellom Vågåmo og Romsdal Spelemanns- lag. Nokre medlemmer frå leiklaget i BOL i Molde var 09 med 09 dei synte fram fleire song- og turdansar. Applausen i ein mest fullsatt Utstillingshall ville nesten ikkje gje seg då vi var nøydde til å avslutte slik at Vågåmo Spelemannslag kunne rekke ferja.

Oei som var med å dansa springar var: Anne og Asbjørn Sellereite, Spjelkavik, vestlandsspringar. Aslaug og Kristian Gaarden, Vågå, vågåsringar. Anna og Ragnvald Lunde, Molde, nordfjordspringar. Astrid og Rolv Landøy, Aukra, sunnfjordspringar. Kristine og Johs. Sandvik, Molde, romsdalsspringar. Alle desse gjorde ein kjempeinnsats slik at R.S.L. fekk den finaste avsluttinga på jubilumsfeiringa som nokon kunne tenkje seg.



Ragnvald Lunde
Vinnar hardingfele kl.A



Anders Gjendem
Vinnar vanleg fele kl. A



Vågåmo Spelemannslag som vann lagspeltevlinga

Det økonomiske resultatet av kappleiken må også kunne godtakast .
Kr. 641,- i rein netto. Slett ikkje dårleg! Og arrangementet
gjekk knirkefritt så pressa var full av rosande omtale.



1. pr . Asle Rypdal 10 år
Vinnar av yngste klasse



Liv Rypdal 13 år, også
1.pr. i yngste klasse



Toralv Orvik
Vinnar vanleg fele kl.D



Olav P. Hjelvik
Vinnar vanleg fele kl. B

Utanom dei som er presenterte med bilete, fekk fylgjande del-
takarar 1. premie: Vanleg fele kl.A, nr 2: Ragnvald Lunde, Molde,
og nr. 3: Kristian Gaarden, Vågå.

Hardingfele kl. B nr.1: Sigvart Hatlen, Eide på N.

Hardingfele kl.D: Ola Kallset, Torjulvågen.

I lagsspel fekk Romsdal Spelemannslag 1. premie.

SPELEMANNSTREFF OG KAPPLEIK PA ROMSDALSMARTNAN

Romsdal Spelemannslag bles liv i eldgammal tradisjon.

Under Romsdalsmartnan på Andalsnes vart det etter initiativ frå Ole Wenge skipa til eit hyggeleg spelemannstreff i helga 6.-7. oktober 1962. Vågåmo Spelemannslag var også ved dette høve R.L.S. sine gjestar. Det same var dansarar frå BUL i Molde. Laurdagskvelden gjekk med til festleg samver på Parkhotellet, men søndag var det konsert i kinoen med stort folkløreprogram, men føreåt gjekk spelemenn og dansarar i prosesjon frå jarnbanetorget til kinoen. Det same vart teke opp att året etter, men då med både Vågåmo og Lom Spelemannslag som gjester.



Prosesjonen søndag 7. oktober 1962.

Johs. Sandvik og Ole Wenge i spissen for Romsdal Spelemannslag, Vågåmo Spelemannslag og dansarar frå leiklaget i Bondeungdomslaget i Molde.

Verksemda på Andalsnes i martnasamanheng heldt fram også i 1964. Då skipa til R.S.L. til distriktskappleiken siste helga i martnan. Det var ekstra stor påmelding, og NRK var på plass og gjorde opp-tak som seinare vart sendt i folkemusikkhalvtimen.

På årsmøtet 1963 vart det formannsskifte, og Bergtor Gjerde tok over formannsjobben for eit par år.



Primus motor Ole Wenge i spissen for opptoget under distriktskappleiken på Andalsnes 10.-11. oktober 1964.

Nytt formannsskifte i 165. Då var det Henry Vike sin tur til å styre laget.

LANDSKAPPLEIKEN OG ÅRSMØTE I LFS. I MOLDE 1966

R.S.L. hadde teke på seg tilskipinga av landskappleiken i 1966, og gjekk no inn i ei traveltid med førebuingane til dette kjempearrangementet. Det vart sett ned ei mengd med nemnder som kvar for seg fekk sinespesielle oppdrag. Johs. Sandvik var formann for hovudnemnda som hadde ansvaret for at alt skulle gå etter dei oppsette planar.

Landskappleiken vart avvikla i Molde nye rådhus, og i kinoen frå 24.-26. juni. Dette var det aller føyste arrangement i Molde rådhus.

Vi lar formannen i Lfs. Tor Myre uttale seg om korleis R.S.L. løyste denne store oppgåva.

Sitat frå Tor Myre si helsing i Spelemannsbladet nr .4, 1966.

"Kjære Dykk i Molde.

Landslaget for Spelemenn kjenner det san ei kjær plikt gjennan Spelemannsbladet å få sende nokre takkens ord til dykk der oppe i Molde, som var med og skapte dei tri stemnedagane til ei høgtid frå fyrst til sist.

Mellan dei ting sangjorde mest inntrykk på oss i styret var vel kor godt tilrettelagt alt var av nemndene der oppe. Det som vog mest ifjor, var avgjerda an kor stemna skulle vere i 1966 var at Molde og omland vel nerast måtte reknast som eit "utviklingsområde" andsynes det òleid som Landslaget driver med, og at det trongst å koma dit som misjorærar for saka vår. Jau, sa eg smør! Det var ikkje nokon misjonsmark, nei! Spelemenn og spelemannslag avein standard og i tal so det var berre å gi seg over. I tilskiping av størstemner har heller ingen noko å læra Raomsdal Spelemanns- lag, o.s.b."

Til slutt om landskappleiken 1966 tek vi med dei ymse klassevinnarane:

Valeg fele kl.D (eldste klasse) Jakob Vingsand, Heimdal.

"	"	C (yngste	"	) Asle Rypdal, Tresfjord
		B		Asbjørn Blikken, Oppdal
		A		Amund Bjørgen, Lom
		Nyskaping		Harald Haug, Vågå
		Lagspel		Heimdal Spelemannslag

ilagspel vart R.S.L. nr .3, og fekk 1. premie.

Hardingfele kl. D (eldste klasse) Ola Kallset, Torjolvågen

"	"	C (yngste	"	) Knut Buen, Tuddal
		B		Kornelius Eikenes, Nordfjord
		A		Kjetil Løndal, Oslo
		Nyskaping		Koreelius Eikeee, Nordfjord
		Lagspel		Hornindal Spelemannslag

Dans kl. D: Ingeleiv og Niri Berget, Numedal

"	"	C: Caroline Lehman og Steinar Sæther, Bergen
		B: Thomas Stensgård, Hallingdal og Ase Holte, Sunnmøre
		A: Knut Buseth og Aud Livegard, Hallingdal

Alle klassevinnarar fekk 1. premie.

Hausten 1966 vart det på nytt formannsskifte.

Henry Vike hadde diverre ikkje tid til å halde fram som formann, og Magnus Hagen tok over.

R.S.L. TEK OPP LOVENDRINGSSAK I LFS

Frå årsmøtet til Lfs i Molde vart ein klår over den ordninga som vart praktisert med omsyn til representasjon på årsmøte burde endrast. Det verka urettvist at eit lag hadde høve til å møte med så mange utsendingar som dei ville, og at alle hadde røysterett. I styremøte den 31. januar 1967 drøfta styret dette, og kom fram til at R.S.L. skulle ta opp saka og prøve å få til ei forandring på dette. På årsmøtet i Lfs i Porsgrunn 1967 bar formann Magnus Hagen fram laget sitt syn for Lfs.

Det vart ein del drøfta, men det kom ikkje til noko vedtak. Ei nemnd skulle sjå meir på saka til årsmøtet i Lillehammer i 1968.

Styret i R.S.L. utarbeidde likevel eit lovendringsframlegg som vart handsama på årsmøtet i Lillehammer 4. juli 1968, der det vart nedstemt. Paradoksalt så fekk vi ros for at vi hadde reist saka, og det artige er at då lova i lfs seinare vart endra, fekk ho om-lag same ordlyd som R.S.L. sitt framlegg frå 1968.

VI MØNSTRAR MANNSTERKE PA LANDSKAPPLEIK I LILLEHAMMER

Landskappleiken 1968 (Lillehammerspillene) gjekk føre seg i tida 4.-7 juli, og dit var det innbedt svenske spelemenn og spelemanns-lag. Det skulle såleis verta tevling mellom svenske og norske spelemannslag. Av den grunn hadde R.S.L. førebudd seg ekstra til denne stemna, og gjorde framifrå innsats i samband med lagspeltev-linga. Det var difor veldig skuffande at vi aldri fekk vete kor vi hamna på premielista. Berre to lag vart premiært, eit svensk og eit norsk lag.

R.S.L. fekk likevel ei fin fjør i hatten då laget saman med Dalar-ne Spelemannslag vart uttekne til å spele i eit opptak for NRK i fjernsynet. Opptaket vart gjort på Valbjørgetra på Maihaugen, og vart sendt i TV i slutten av november 1968.

FØRSTE DANSEPAR I KL. A FRA ROMSDAL



Gerhard og Inga Hestad 1. pr.

I dei individuelle tevlingane gjorde fleire av våre medlemmer det svært så bra. Vi nemner at Inga og Gerhard Hestad fekk ein fin 1. premie i dans for sin romsdalsspringar, og vart med det dei første dansarane frå Romsdal som har kvalifisert seg til A-klassa. Men den aller største bragden sto Liv Rypdal (no Kvernberg) for. Ho vann 8-klassa, og vart såleis den tredje frå R.S.L. som vann denne klassa. Far hennar, Peter L. Rypdal, toppa nemleg premie-lista på landskappleiken i Vågå i 1964. Vi tek også med i same slengen at Olav P. Hjelvik kopierte dei då han vann 8-klassa på landskappleiken på Voss i 1976. Olav P. Hjelvik var også ein av dei tre første i landet som tok feleknappen i gull. Det var på Gol i Hallingdal den 2. juli 1977.

R.S.L. VEL MUSIKALSK LEIAR

Laget heldt årsmøte den 30. april 1969 og på saklista var det oppført val av musikalisk leiar. Olav P. Hjelvik tok på seg vervet, og til all lukke har ein vore så heldig at han kvart år seinare har teke mot attval.

På same årsmøtet vart Bergtor Gjerde ny formann.

STORØVINGSIVER OG AKTIVITET

I dei siste ti åra har det vore jamn og god drift i laget, og det har vore eimengd øvingar kvart år. Dei fleste øvingane har gått på omgang imellom medlemmene, og har vore svært så hyggjelege samkomer med speling, kaffekos og prat som har styrkt fellesskapet, og har utvikla eit framifrå godt kameratskap. Det har og vore fleire øvingar på kafeen på Vikebukt der Olav P. Hjelvik har leia øvingane. Med stort tålmod har han inspirert medlemmene til ein framgang som har gjeve seg utslag i eimengd fine kappleikplasseringar, og mykje rosande omtale frå publikum som vi har spela for.

PÅ KONSERT MED SIGBJØRN B. OSA

Vågstranda Hornmusikklag skipa til konsert på Vågstranda den 25. april 1970. R.S.L. var med på konserten og hadde eit innslag i programmet med fire slåttar. Hovudstykkje på konserten var "På eit vestlandsk bondestemne" komponert av bergenser Konrad Grimstad. I dette verket har komponisten nytta ein del stoff etter Ola Mosafinn og det er skrive for orkester og hardingfele.

Det er også arrangert for janitsjarkorps og hardingfele, og det var denne utgåva Vågstranda Hornmusikklag framførte med Sigbjørn B. Osa som solist. Det var ein fin og god framføring som både solisten og hornmusikklaget kan vere stolte av.

TIL TOPPS PA LANDSKAPPLEIKEN 1970!!

Landskappleiken dette året gjekk føre seg på Røros frå 26.-28. juni. Her skjedde det heilt store. Romsdal Spelemannslag fjekk heilt til topps i lagsleltevlinga, og vi kunne med det titulere oss for Norgesmeistrar Reinlendaren som laget spela fekk etter dette namnet Norgesmeistaren.

VI SKIPAR "GAMALDANSENS VENER"

I 1971 tok R.S.L. til å arrangere gamaldansar på Alexandra Hotell. For å få desse dansane inn i heilt lovlege former måtte laget skipe ei underavdeling til R.S.L. Det vart difor skipa eit "Gamaldansens Vener". Det vart arrangert omlag 5-6 dansar for året heilt til vi måtte slutte våren 1974 p.g.a. ombyggjingsarbeid som hotellet gjekk igang med på den tida. Desse dansane hadde ei omsetning på ca. 20.000,- kr. i året, og dei omlag 3 åra som vi fekk halde på med "Gamaldansens Vener" ga laget ein økonomisk oppsving som det vert trekt vekslar på den dag i dag.

Formannsskifte på årsmøtet 19. mai 1971. Jakob Ora vart formann etter Bergtor Gjerde, som ba seg fri.

Ora hadde formannsvervet til årsmøtet 10. mai 1972 då Magnus Hagen overtok.

R.S.L. PA 100-ARSMINNESTEMNE FOR SPELEMANNEN HALVARD ØRSAL

I 1975 vart det halde korkje distriktsskappleik eller fylkeskappleik. Men istaden for fylkeskappleik skipa Nordmøre Spelemannslag tileit stemne til minne om meisterspelemannen Halvard Ørsal frå Todalen. Han var fødd 22. desember 1875 og døydd den 1. februar 1943.

Feiringa av 100-årsminnet tok til på Nordmøre Folkehøgskule i Surnadal laurdag den 16. august, og 5 mann frå R.S.L. var tilstades på konserten som innleidde minnestemna. Dei ga og til beste nokre nummer på konserten, og spela seinare på kvelden til dans.

Sundag 17. august heldt stemna fram i Ørsal si heimbygd - Todalen. Leif Halse tala ved minnesteinen - reist av bygdefolket 17. mai 1949.

Halse teikna eit vakkert bilete av Halvard Ørsal, og Hans Brimi avslutta minnehøgtida med å spele "St. Thomasklokkene på Filefjell" i Ørsal form.

ROMSDAL SPELEMANNSLAG 40 ÅR

Ar 1976 var R.S.L. 40 år, og det vart sett ned ei nemnd som skulle freiste å få istand ei eller anna form for feiring av jubileet. Av fleire grunnar vart det gjort vedtak om at det ikkje skulle arrangerast nokon jubileumsfest, men ettersom det var R.S.L. sin tur å skipe til fylkeskappleiken dette året, så vart det vedteke å satse heller meir på denne.

Gjennom Arild Hoksnes kom R.S.L. i kontakt med Gossen ul. Dei var interessert i å samarbeide om å halde kappleiken ute på Aukra. I samtale med styret i Gossen ul. vart vi fort samde om at kappleiken skulle leggjast til Aukra i helga 11. og 12. september, men den vart innleia med stor kulturkveld fredagen føreåt. Ein bør nemne at Gossen ul. hadde teke på seg å dekke eit eventuelt underskot.

Heldigvis ga stemna eit stort overskot som vart delt likt mellom R.S.L. og Gossen ul.

Ca. 50 einskild-spelemenn og kvedarar samt 3 spelemannslag var påmeldt. Attåt desse kom det mange tilreisande tilhøyrarar, så det vart nærast krise for Aukra Gjestehjem som hadde teke på seg innkvarteringa. Men det ordna seg med flatsenger på mest kvart einaste rom.

Dei tilreisande tok det heldigvis sporty, og kappleiken sett under eitt - var berre å karakterisere som vellukka.

NRK var tilstades og laga program frå tevlingane, og dette vart sendt i ein folkemusikk-halvtime seinare på hausten. Hans W. Brimi sto føre både innspeling og utsending av radio-programmet.

ROMSDAL SPELEMANNSLAG KJEM PÅ PLATEMARKEDET

Det hadde i lang tid vore øvd på eit repertoar som skulle brukast til ei LP-plate som laget hadde gjort avtale om å gje ut på plateselskapet "Askent".

Den 21. mai 1977 reiste laget til Oslo og spelte inn plata. Innspelinga vart gjort i Roger Arnhoff sitt studio som den gang vart rekna for å vere eit av dei mest moderne i Europa. Plata fekk tittelen "Dans under Trollveggen", og kom i handelen i september same året.

R.S.L. som hadde investert omlag kr. 7000,- i plata kom dårleg ut av prosjektet reint økonomisk. Dette p.g.a. at eigaren av plateselskapet - Kåre Korneliussen døydd i 1978. Selskapet vart deretter nedlagt og all vidare utgjeving vart stoppa. Dei som var med på innspelinga av plata var, på fele: Anders Nerheim, Oskar Hjelseth, Ingvar Skeide, Peder K. Staurset, Arild Hoksnes, Bergtor Gjerde, Ole P. Hjelvik, Leidulv Stokkeland, Olav P. Hjelvik (leiar). På trekkspel: Arvid Vik og Asmund Stenbro. På gitar: Ole Magne Stavik og på kontrabass: 'Roe Skavnes.

P.g.a. alt arbeide med plateinnspelinga vart årsmøtet utsett til

seinhaustes 1977. Då takka Magnus Hagen for seg - etter 5 år som samanhengande år som formann, og Leidulv Stokkeland overtok.

EIT PAR ÅR MED NOKO MINDRE AKTIVITET

Det ser no ut for at den store aktiviteten som det har vore i laget dei siste åra har tee noko av iveren ut av medlemmene . Det verkar iallfall som om det er ynskjeleg å ta det noko rolegare ei tid.

Verksemda til laget var ikkje innstilt, og det vart også halde øvingar sjøl om det ikkje var so ofte som før.

Laget deltok både på kappleikar og andre tilstellingar, og vi nemner at R.S.L. var med i eit kulturprogram på Høvikodden - (Henie-Onstadmuseet) den 20.-22. september 1979.

Tilskipar var Bærum Ungdomsring, og turen kom istand gjennom Jan Flatholm som i den tida han arbeidde i Oslo, var fast spelemann i dette ungdomslaget.

R.S.L. spela til dans fredagskvelden saman med den landskjende "Torader-trioen" frå Hallingdal. Laurdag var det pensjonisttreff i Bærum kino, og sundag stor folke-musikk-konsert på Høvikodden med fleire av dei beste og mest kjende folkemusikkutøvarar her i landet.

Her kan vi oemne at turen hadde og eit par dramatiske episodar. På turen sørover vart Olav P. Hjelvik sin bil påkjørt bakfrå og vart totalvrak. Dei som satt i bilen vart heldigvis ikkje skada, men måtte fortsettje reisa til Bærum idrosje, og heimreisa med fly. Ikkje nok med dette, heimreisa med Flatholm sin bil var såvidt starta då også den vart påkjørt bakfrål - men den fekk berre mindre skadar slik at den kunne fortsettje heimreisa.

Dette vart ei hendingsrik helg som vert hugsa av dei som var med på denne turen ikkje berre p.g.a. desse dramatiske hendingane, men og for den hjartelege mottakinga og all hyggja som Bærum Ungdomsring stelte til for oss.

FLEIRE OPPDRAG FOR NRK

Etter at laget hadde spelt i utanlandssendinga i 1960 kom det oppmoding frå programsekretær Rolv Myklebust i NRK om å spele inn eit program for folkemusikk-halvtimen med R.S.L. Opptaket var gjort den 11. mars 1961, og vart sendt 6. mars 1962. Likeeins hadde laget eit innslag saman med familien Rypdal den 4. november i samband med "Spill selv uka 1962".

R.S.L. fekk tilbod frå NRK om å spele inn eit program til programposten "For gammeldansens venner". Opptak vart gjort i desember, og vart sendt i radio laurdag 3. mars 1973.

NRK føreslo etter dette at laget skulle gå i gang med innøving av eit nytt program til same programposten. Dette vart gjort, og programmet gjekk på lufta laurdag 4. april 1975. Begge programma var svært vellukka, og fekk rosande omtale i lokalpressa.

Til desse innspelingane hadde R.S.L. assistanse av Håkon Os-haug frå Andalsnes på kontrabass.

Hausten 1979 arbeidde laget med enda eit program for folke-musikk-halvtimen i NRK. Programmet vart teke opp i "Gilde-hallen" på Romsdalsmuseet føre jul og vart sendt i radioen i slutten av januar 1980.

Utanom R.S.L. var desse med i programmet: Søskenparet Liv Haldis Kvernberg og Asle Rypdal (solo og samspel), Arild Hoksnes og Andreas Nerbøstrand (samspel), Hans Gjelsten (82 år), Anders Nerheim og Olav P. Hjelvik (solo).

Arild Hoksnes var programleiar og Sven Nyhus innspelingsleiar.

Sidan 1983 har Jan Flatholm hatt samtalar med Sven Nyhus om å lage til eit program for radio med R.S.L. Problemet har vore å få NRK til Molde berre for å gjere eit enkelt opptak. Etterkvart lukkast det å gjere 6 opptak, 4 program frå Molde og 2 frå Nordmøre, og såleis vart opptaka ein realitet. Laget spelte inn eit folkemusikkprogram, og eit program for "Rundsnu på lørdagskvelden". Dette programmet inne-heldt berre gammaldans-slåttar av Toralv Orvik; Dessutan vart det laga til ein folkemusikk-halvtime der ung-domar frå heile fylket spelte. Juniorane frå R.S.L. var også med i dette programmet som vart laga i høve S.N. sitt ungdoms-år. Det vart sendt i radioen sitt Pl både i mars, april og mai 1985 der R.S.L. deltok.

LAGET UTNEMNER ÆRESMEDLEMMER

R.S.L. skipa til underhaldningsfest med dans i ungdomshuset "Bygdheim" på Otrøya den 30. november 1968. Ved dette høvet vart Nils L. Rakvåg utnemnd til laget sin første æresmedlem. Seinare fekk laget desse æresmedlemmane: Peter L. Rypdal, Toralv Orvik og Thomas H. Strømme. Desse utnemningane vart føreteke på årsmøtet den 25. april 1981. Diverre var Peter og Toralv av helsemessige grunnar forhindra frå å vere til-stades på dette årsmøtet, så dei fekk sine æresprisar over-rette i sine heimar etterpå.

"MED DÅM OG DRAG I ROMSDAL SPELEMANNSLAG"

Frå 1981 vart det heller lite med musikalsk verksemd i laget. Arbeidet vart mest konsentrert om samling, systematisering og utgjeving av i alt 5 notehefte som etter plana skal komme ut med omlag 30 slåttar i kvart hefte.

Første hefte vart ferdig vinteren 1981/82 og fekk tittelen

"MED DÅM OG DRAG I ROMSDAL SPELEMANNSLAG". Omslaget var teikna av Osvald Hjelseth frå Vågstranda og noteskrifta har Hermann Vikhagen frå Åndalsnes voremeister for.

Nemnda som har stått føre arbeidet med hefte nr. 1 har vore: Olav P. Hjelvik (formann), Bergtor Gjerde, Leidulv Stokkeland og Jan Flatholm.

Det tok noko lang tid å få ferdig hefte nr. 2 i denne serien, men i oktober 1985 vart det ferdig. Dette heftet inneheldt berre slåttar som er komponert av Toralv Orvik, og andre-stemma er skreve av Toralv Orvik og Henry Vike.

Vike har dessutan sett til besifring for gitar eller piano. Forordet er skreve av Olav Orvik, og Osvald Hjelseth har teikna dei festlege illustrasjonane. Notekomite for dette hefte har vore: Olav P. Hjelvik, Bergtor Gjerde, Kjell Arne Nakken og Leidulv Stokkeland. Hermann Vikhagen har også denne gangen teikna notane.

På årsmøtet den 19. mai 1982 tok Magnus Hagen over formannsvervet igjen etter Leidulv Stokkeland.

VI SPELER FOR H.M. KONGEN

Det første store speleoppdraget i 1982 var nok spelinga utanfor Rådhuset i Molde, då Kong Olav V kom til byen på besøk den 11. august.

Som venteleg var det hundrevis av mennesker frammøtt ved dette høvet, og laget korta ventetida for dei frammøtte med slåttespel før kongen kom til Rådhuset til fylkeskommunal middag.

Brudlaupsmarsjen "Eit sumarbrudlaup" av Peter L. Rypdal møtte H.M. Kongen då han kom oppover Rådhusplassen, og vi likar å tolke kongen si vennlege helsing i retning mot spelemannslaget dithen at han likte denne mottakinga.

Eit inspirert og fulltalleg R.S.L. var med på denne spelinga, og med assistanse av Roe Skavnes på kontrabass vart det som seg høyr og bør varta opp med frisk og feiande slåttemusikk.

Frå arrangementskomiteen for kongebesøket, mottok laget eit takkebrev og kr. 1000,- for innsatsen. Brevet var underteikna av fylkesmann Alv Jakob Fostervoll, fylkesordførar Kjell Furnes og ordføraren i Molde, Asmund Fredly.

Same haust hadde laget fleire andr speleoppdrag, t.d. spelte laget tre kveldar på "Kaffistova kveldsopene". Dette var gratisspelling mot at R.S.L. skulle få øvingsikale på Romsdalsheimen.

FYLKESKAPPLEIKEN 1983 TIL ELNESVÅGEN

Den musikalske verksemda tok seg noko opp, og ein byrja å førebui fylkeskappleiken 1983 som det var Romsdal sin tur å skipe til.

Det vart drøfta fleire alternative stader der vi kunne avvikle kappleiken, for med det gode resultatet frå fylkeskappeliken på Aukra i minne, så var ein mest stemt for å halde kappleiken ein eller anna stad ute i distriktet.

Etter ei tid vart det vedteke at kappleiken skulle haldast i Elnesvågen - der tilhøva lå vel tilrette.

Vi fekk leige festsalen på Fræna ungdomsskule, og ungdomshuset "Heimhug" for ei rimeleg leige. Desse to lokala høvde godt til avviklinga av stemna.

J:)et vart lagt ned eit stort førebuiingsarbeide, og kappleiken gjekk av stabelen den 22. og 23. oktober. Dette var den aller første kappleiken som nokon gong har vore halde i Fræna, og det var difor venta stor oppslutning frå publikum.

Diverre var det et ufyseleg ver denne helga - det verste i manns minne - og med det svikta publikum bortimot totalt.

Eit ekstra stort underskot var difor ikkje til å unngå.

Vi makta også denne gongen å gjennomføre bortimot eit prikkfritt arrangement, og spesielt må nemnast kulturprogrammet på laurdagskvelden som var eimønstring av folkemusikkutøvarar og amatørmusikarar. Kveldens kåsør, Harald Aas, gjorde også sitt til at tilhøyrarane fekk topp underhaldning. Lovorda frå publikum og frå pressa tek vi gjerne med som trøyst for det økonomiske minus.

R.S.L. ville denne gongen honorere kunst mot kunst, difor hadde rosemålaren Gunnar Bø frå Innfjorden fått i oppdrag å lage til premiane. Ved sida av rosemåla fat, fekk alle deltakarane ei rosemåla brikke istaden for diplom.

Fylkesmeister på hardingfele vart Annbjørg Lien, Mauseidvåg, og på vanleg fele Asle Rypdal, Tresfjord. Lagspel hardingfele vart vunne av Stranda Spelemannslag, og lagspel vanleg fele av Nordmøre Spelemannslag.

Sundag var det gudsteneste i Myrbostad kyrkje og trass i eit ufyseleg ver var det mange av kappleik-folka som hadde funne vegen til kyrkja. Søskenparet Liv Kvernberg og Asle Rypdal deltok under gudstenesta - dei spela religiøse folketonar toastemt på fele - noko som kyrkjelyden tydeleg sette pris på.

R.S.L. GJER FORSØK PÅ Å FA I STAND DOMARKURS

Gjennom Jan Flatholm og Møre og Romsdal Sang- og Musikkråd tok R.S.L. initiativet for å få i stand eit fylkesomfattande domarkurs i spel og dans. Eit stort og omfattande førebuiingsarbeide vart nedlagt, og alle detaljar med omsyn til kurslokaler, overnatting, finansiering, førelesarar osb vart tilrettelagt.

For å oppnå statlege tilskot til kurset måtte det vere minst 25 deltakarar. Det vart sendt innbeding til samtlege spelemannslag i fylket, men då det berre meldte seg to interesserte deltakarar, så vart kurset avlyst.

LAGET FAR SIN FØRSTE KVINNELEGE FORMANN

Våren 1984 var det ikkje nokon som helst aktivitet i laget. Dette skuldast at formannen hadde vore sjuk frå tidleg på nyåret, og i mai ser han seg nøydd til å underrette det øvrige styret om situasjonen. I brev av 12. mai til alle styremedlemmene samt vararennene, ber han om at det vert teke initiativ til reorganisering av styret, slik at han kan verte friteken for formannsvervet.

Dette gjekk styret med på, og laget kom i arbeid att hausten 1984 med Ingjerd Lange som formann (Hø ønska ikkje å endra formannstittelen). Ingjerd Lange vart såleis den første kvinnelege formann i R.S.L., noko som må seiast å vere ei historisk hending i laget si soge.

ROMSDAL SPELEMANNSLAG EIN LIVSKRAFTIG 50-ARING

Denne 50-års meldinga syner, sjølv om den er noko springande og komprimert, at laget for det meste har vore eit aktivt og eit levande lag. Ein vil og kunne tillate seg å tru at det på dei aller fleste område har fylt dei oppgåvene som tilskiparane hadde tenkt laget skulle utføre. Då er det berre å vone at framtida vil vere med på å stadfeste dette.

Noko som i dei siste åra har vore eit stort sakn i R.S.L., har vore tilgang på unge aktive medlemmer. Det er difor svært gledelig at det no i jubileumsåret har korne til så mange nye unge medlemmer, ikkje minst jenter. Laget er heldig dersom desse unge får augo opp for kor nødvendig det er at denne kulturarven - folkemusikken - vert verna om og teke vare på for framtida. Slik at dei kan føre tradisjonen vidare i nye 50 år!

STYRESMENN FRA R.U.

Andreas O. Heggdal	Midsund	1936 - 1947
Anders Venås	Måndalen	1956 - 1965
Gerhard Hestad	Molde	1965 - 1968
Gunnar Østigård		1968 1969
Otto Nygårdsvoll		1969 1985

LANDSKAPPLEIKEN 1985

I 1959 debuterte R.S.L. på landskappleiken på Otta. Den hittil siste landskappleiken laget deltok på, gjekk føre seg nettopp på Otta i dagane 20.-21. juni 1985.

R.S.L. henta seg endå ein flott 1. premie - var nr. 6 av 32 lag!

DOMARAR FRA R.S.L. SOM HAR VORE NYTTA

Magnus Hagen var domar i spel vanleg fele på landskappleikane i Oppdal 20.-23. juni 1974, Bø i Telemark 19.-22. juni 1975 og på Fagernes 22.-25. juni 1978.

Olav P. Hjelvik var domar i spel vanleg fele på landskappleiken på Otta 20.-23. juni 1985.

Utanom dei kappleikane somer omtala i denne 50-årsmeldinga, skal vi ta med ei liste over andre kappleikar som laget har vore med på.

LANDSKAPPLEIKAR

Vågå 19. - 20. juni 1964: ikkje lagspeltevling
Peter L. Rypdal gjekk til topps i vanleg fele kl. B

Lillehammer 4. - 7. juli 1968: ingen premiering
Sogn 25. - 27. juni 1971: 2. premie
Oppdal 20. - 23. juni 1974: 1. premie

DISTRIKTSKAPPLEIKAR

Vågå 7. - 9. sept. 1962: 1. premie
Skjåk 23. okt 1965: ingen premiering
Molde 21. - 22. okt. 1969: 2. premie
Heimdal 12. - 13. sept. 1970: 1. premie delt med Lom
og Oppdal Spelemannslag. Alle tre lag fekk ein aksje i Jakob
Vingsands minnepokal. Denne vart seinare vunnen av Lom Spele-
mannslag til odel og eige.
Lom 11. - 12. sept. 1971: 1. premie
Surnadal 18. - 19. sept. 1973: 2. premie
Vågå 2. - 3. sept. 1978: 1. premie
Oppdal 8. - 9. sept. 1979: 1. premie
Vågå 9. - 10. sept. 1983: 1. premie

FYLKESKAPPLE IKAR

Molde 21. - 22. okt 1967:	1. premie
Sunndalsøra 26. - 27. okt. 1968:	1. "
Volda 11. - 12. okt. 1969:	1.
Molde 21. - 22. okt. 1970:	1.
Sunndalsøra 23. - 24. okt. 1971:	1.
Sykkylven 23. - 24. sept. 1972:	1.
Molde 17. - 18. okt. 1973:	1.
Stranda 12. - 13. okt. 1974:	1.
Sunndalsøra 29. - 30. okt. 1977:	1.
Volda 30. sept. - 1. okt. 1978:	1.
Åndalsnes 29. - 30. sept. 1980:	1.
Surnadal 27. - 28. sept. 1980:	1.
Sunndalsøra 18. - 19. sept. 1982:	1.
Hellesylt 22. - 23. sept. 1984:	1.
Åndalsnes 8. - 9. juni 1985:	1.

I tillegg nemnast og Fel-Jakup stemna i Skjåk 15. aug. 1971.

FORMENN I LAGET I DESSE 50 ÅR

P.K. Rekdal:	1936 - 1945
Hans Gjerde:	1946 - 1947
Anders Gjendem:	1955 - 1956
Olaf Overå:	1956 - 1958
Johs. Sandvik:	1958 - 1960
Magnus HagP.n:	1960 - 1964, 1967-1969, 1972-1978, 1982-1984
Bergtor Gjerde:	1964 - 1966, 1969 - 1971
Henry Vike:	1966 - 1967
Jakob Ora:	1971 - 1972
Leidulv Stokkeland:	197 - 1981
Ingjerd Lange:	1984 -

LUKKE TIL!



Forfattaren!

